

Kommuneprosessen i Finnøy pr. 04. 06. 2015

1. Oppsummering og forslag frå styringsgruppa

Den politiske styringsgruppa for kommuneprosessen i Finnøy presenterer hermed ein undervegs-rapport om status for arbeidet pr. 04.06. 2015. Rapporten skal tena to formål:

- Å informera rådmannen og kommunestyret om gruppa sitt arbeid fram til sommaren 2015, med hovudfokus på kva gruppa har arbeidd og arbeider med – og om gruppa sine vurderingar og tilrådingar på dette tidspunktet i prosessen.
- Å utfordra kommunestyret til å diskutera og leggja politiske føringar for resten av prosessen fram mot endeleg avklaring i juni 2016.

Styringsgruppa vil understreka at den på ingen måte har konkludert med tanke på Finnøys vegval når det gjeld framtidig kommunestruktur. Det er likevel gjort eit viktig grunnlagsarbeid gjennom det siste halvåret. Styringsgruppa nemner som spesielt viktig:

- Det er gjennomført lokal SWOT-analyse, jf. pkt. 2.4 A.
- Det er gjennomført ein første samtale på politisk nivå med Stavanger kommune – og felles samtale med kommunane Randaberg, Rennesøy og Kvitsøy, jf. pkt. 2.4 B og C.
- Styringsgruppa er gjort kjent med hovudkonklusjonane i ein fersk utgreiingsrapport publisert for Jærrrådet, jf. pkt. 2.5. Rapporten belyser sentrale problemstillingar av interesse også for Finnøy, med hovudfokus på *tenesteyting, myndigheitsutøving, samfunnsutvikling og lokaldemokrati*. Som ledd i eit administrativt utgreiingssamarbeid mellom Stavanger, Rennesøy og Finnøy blir det vurdert å utarbeida tilleggsnotat til Jærrrådet sin rapport, med eksplisitt fokus på status og utfordringar for Rennesøy og Finnøy. Styringsgruppa vil gå djupare inn i heile dette materialet etter ferien.

Sjølv om det fortsatt er behov for å dykka djupare ned i og greia ut fleire spørsmål, meiner ei samla styringsgruppe at det er tid for å gi nokre konkrete signal om prioritering og retning for arbeidet vidare. I tillegg til å informera og oppsummera innhaldet i den lokale prosessen så langt legg derfor styringsgruppa i denne statusrapporten fram fleire konkrete forslag til vidare føringar.

Med bakgrunn i innhaldet i sjølve rapporten, jf. pkt. 2, oppfordrar ei samla styringsgruppe kommunestyret om å diskutera og slutta seg til følgjande forslag:

- a. Formannskapet slutta seg i møte 25. 02. 2015 til at Finnøy skal arbeida med og vurdere tre alternativ for framtidig kommunestruktur: *nullalternativet (A), mellomalternativet (B) og storkommunealternativet (C)*, jf. pkt. 2.3.

Med bakgrunn i prosessen så langt - spesielt tilbakemeldingane frå Randaberg, Rennesøy og Kvitsøy – rår styringsgruppa til at Finnøy i det vidare løpet no bruker mest tid og ressursar på alternativ A og alternativ C. Alternativ B, blir inntil vidare «sett på vent» - til dei andre involverte kommunane ev. uttrykkjer interesse for å gå vidare for å utgreia ein slik fire-kommunemodell.

- b. Som konsekvens av pkt. a intensiverer Finnøy kontakten med Stavanger kommune med sikte på å få til mest mogleg konkrete samtalar på politisk nivå om utfordringar som er avgjerande å få avklara som grunnlag for kommunen sitt framtidige vegval, jf. pkt 2.2 og 2.4 B.*
- c. Styringsgruppa går etter sommarferien djupare inn i innhaldet i Jærrådet sin utgreiingsrapport og ev. tilleggsnotat som gjeld Stavanger, Rennesøy og Finnøy. Det skal vidare gjerast utfyllande vurderingar/utgreiing av konsekvensane av nullalternativet.*
- d. Det skal hausten 2015 leggjast ein konkret strategi for innbyggjarinformasjon og – medverknad. Det blir søkt informasjon om korleis dette er gjort i andre kommunar som er komne lenger i prosessen, eks. Sandeffjord. Opplegg for folkemøte på øyane og spørsmål om ev. innbyggjarundersøking og folkeavstemming blir vurdert i denne prosessen.*
- e. Styringsgruppa tilrår at kommunestyret innan neste sommar behandlar kommunereformspørsmålet i to møte: ei førebels drøfting i møte i mars/april og ei endeleg behandling i kommunestyremøte i juni 2016. I tillegg til politisk behandling i formannskap og kommunestyre skal saka leggjast fram til drøfting i ungdomsrådet, funksjonshemmarådet og eldrerådet.*
- f. Styringsgruppa får ansvar for å avklara med dei hovudtillitsvalde i kommunen organisasjonane si rolle i den vidare prosessen.*

2. Informasjon om styringsgruppa sitt arbeid

2.1 Kort om prosessen

Politisk styringsgruppe er sett saman av ordførar, varaordførar og gruppeleiarane for alle partia i kommunestyret. Gruppa starta opp arbeidet sitt i slutten av september 2014 og har fram til 1.juni 2015 hatt 7 møte. Fylkesmannen i Rogaland deltok på eitt av møta. Svein Helgesen har fungert som sekretær og prosessrettleiar for gruppa. Eit «3-mannsutval» med ordførar, varaordførar og Henrik Halleland hatt møte på politisk nivå med Stavanger kommune og med Randaberg, Kvitsøy og Rennesøy, jf. pkt 2.4 B og C.

Styringsgruppa leverte ein førebels undervegsrapport som grunnlag for drøfting i formannskapet i februar 2015.

På administrativt nivå har Finnøy kommune, saman med Rennesøy kommune, sidan mars 2015 deltatt i eit samarbeid med Stavanger kommune om utgreiing av ein del sentrale tema i prosessen. Samarbeidet tar utgangspunkt i det utgreiingsarbeidet som skjer i regi av Jærrådet, som også omfattar Stavanger og Randaberg. Men skal ha eit særskild fokus på status og utfordringar for kommunane Rennesøy og Finnøy. Utgreiingsrapport frå Jærrådet ligg no føre, jf. pkt. 2.5.

2.2 Grunnlag for styringsgruppa sitt arbeid

Styringsgruppa arbeider med bakgrunn i dei overordna nasjonale måla for kommunereforma. Kriteria i Ekspertutvalet sitt arbeid har vore sentrale i arbeidet. Gruppa byggjer arbeidet sitt på kommunestyret sitt vedtak om å gå inn i ein lokal vurderings- og utgreiingsprosess med ope sinn, og legg hovudvekt på hovudpremissar som er nedfelt i samfunnsdelen i ny kommuneplan for Finnøy kommune 2014-2026.

- *Det skal forast samtalar med andre kommunar i regionen for å vurdere ulike samarbeidsformer og alternativ til dagens kommunestruktur. Ev. nye modellar må vera berekraftige og fremja fortsatt busetting, vekst og utvikling i alle delar av Finnøy.*
- *Eit forpliktande kommunesamarbeid mot Nord-Jæren-regionen blir samla sett vurdert som meir framtidsretta og formålstenleg for Finnøy enn eit samarbeid mot Ryfylke. Ein ev.ny framtidig samarbeidsmodell skal i utgangspunktet omfatta alle delar av Finnøy. Dersom det i prosessen kjem fram sterke saklege argument for ei «delt» løysing mellom Nord Jæren og Ryfylke, skal kommunen likevel vera open for å vurdere dette.*
- *Følgjande forhold skal vektleggjast særleg tungt i vurdering av ev. alternative strukturar/ samarbeidsmodellar:*
 - *Eit kommunalt tenestetilbod med god tilgang og kvalitet i alle delar av Finnøy.*
 - *Gode vilkår for eit levande lokaldemokrati.*
 - *Lokaliseringsspørsmål, herunder reiseavstand til kommunale kontor/instansar.*
 - *Kommunikasjonar, spesielt til/frå den ikkje-landfaste delen av kommunen.*
 - *Potensial med tanke på å sikra god og stabil tilgang på kompetanse, spesielt innanfor små og sårbare fagområde.*

2.3 Tre hovudalternativ for vurdering

Styringsgruppa konkluderte tidleg i prosessen med at Finnøy i utgangspunktet bør sjå nærare på og vurdere følgjande tre aktuelle modellalternativ (identisk med tilsvarande prosess i Rennesøy):

- A. «Nullalternativet»: Finnøy held fram som eigen sjølvstendig kommune.
- B. «Mellomalternativet»: Finnøy inngår i ein mellomstor kommune med Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy.
- C. «Storkommunealternativet»: Finnøy inngår i ein ny storkommune på Nord Jæren, saman med Stavanger og andre kommunar i regionen

Dersom konklusjonen skulle bli alternativ C med med mange kommunar med, har det i diskusjonen blitt vurdert ev. å søkja «regionkommunestatus» med sikte på å overta ansvaret for regionale oppgåver som kollektivtrafikk og vidaregåande opplæring. Spørsmålet er førebels uavklara. Men med bakgrunn i det vi førebels er orientert om frå Stortinget si behandling av Regjeringa si melding om framtidig oppgåvefordeling, synest det lite aktuelt at nye og store kommunar vil få overta ansvaret for vidaregåande opplæring og kollektivtrafikktilbodet.

Det tre hovudalternativa (A-C) har vore utgangspunkt for gruppa sin lokale gjennomgang med vurdering av fordelar og ulemper ved alternativa (jf. oppsummering av SWOT-analyse, pkt. 2.4 A), og for «nabopraten» med Stavanger kommune (2.4 B) og med Randaberg, Kvitsøy og Rennesøy (2.4 C).

2.4 Oppsummering frå gruppa sitt arbeid så langt

Styringsgruppa gir i det følgjande relativt kortfatta informasjon om hovudproblemstillingar og førebels konklusjonar med bakgrunn i følgjande tiltak:

- Lokal SWOT-gjennomgang
- Politiske samtalar med Stavanger kommune
- Politiske samtalar med Randaberg, Kvitsøy og Rennesøy

A. SWOT-analyse

Styringsgruppa gjorde i møtet sitt i april 2015 ein systematisk gjennomgang av alternativa A-C, med bruk av såkalla «SWOT-metodikk» (S=sterke sider, W= svake sider, O=muligheiter, T=truslar). Metodikken er tilrådd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet og er blitt brukt både i Jærrådet sin prosess og i Rennesøy kommune.

Styringsgruppa gjekk gjennom dei tre alternativa kvar for seg og diskuterte sterke og svake sider, muligheiter og truslar med utgangspunkt i Ekspertutvalet sine kriterium og kommunen sine fire hovudoppgåver: *Tenesteyting. Myndigheitsutøving. Samfunnsutvikling. Demokratisk arena.*

Arbeidet med SWOT-analysen viste at medlemmene i styringsgruppa vurderer pluss- og minusfaktorar noko ulikt og legg forskjellig vekt på ymse forhold. Gruppa har vore opptatt av at alle synspunkt skal koma med i ei oppsummering. Hovudargumenta som kom fram under gjennomgangen, er oppsummert i følgjande skjematiske oversikt:

Tenesteutvikling

Alternativ	Pluss (sterke sider/muligheiter)	Minus (svake sider/truslar)
Alt. A	<ul style="list-style-type: none"> • Nærleik til tenestene – tryggleik • Lokal innsikt, kunnskap, eengasjement og patriotisme • Oversiktlege forhold • God tenestekvalitet på basistenestene • Engasjerte medarbeidarar • Kjenner dei geografiske utfordringane • Kan vidareutvikla interkommunalt samarbeid der det trengst 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Små og sårbare fagmiljø, særleg på enkelte område ▪ Kan bli for nært – for kort distanse ▪ Mindre handlingsrom til effektiv drift ▪ Rekruttering – auka konkurranse om jobbane ▪ Trang kommuneøkonomi ▪ Dagens struktur utdatert i forhold til nye krav og utfordringar

<p>Alt. B</p>	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Større personale å spela på, mindre sårbart for enkelte grupper ▪ Ein del synergieffektar ▪ Fleire innbyggjarar – meir effektiv kommuneadministrasjon ▪ Meir solide fagmiljø med større spesialkompetanse ▪ Eit større arbeidsmarked ▪ Ein del felles trekk i kommunane (landbruk, kystkultur) ▪ Står noko sterkare i forhold til sentrale styresmakter ▪ Meir igjen for pengane – betre effektivitet og økonomi ▪ Kan ta på seg fleire oppgåver med større kommune ▪ Større muligheiter og mangfald for kultur, kyrkje osv. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Lengre avstandar enn i dag, mindre oversiktleg kommune ▪ Ein slik kommune vil liggja som ein «halvmåne» i periferien av Stavanger ▪ Kan fort bli meir byråkrati – meir administrasjon ▪ Ikkje interne kollektivtilbod ▪ Mindre kjennskap til lokale forhold i administrasjonen ▪ I resten av kommunen kan øyutfordringane bli sett som ein «trussel» ▪ Fare for sentralisering av tenestetilbod – Randaberg som kommunesenter. Eks.: sjukeheimstilbod utanfor Judaberg? ▪ Fare for svekka lokalt engasjement og mindre frivillig innsats
<p>Alt. C</p>	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ressursar til kompetanseoppbygging på breitt plan ▪ Sterke fagmiljø ▪ Samla sett betre og meir robust økonomi ▪ Stor nok til å påta seg nye oppgåver ▪ Meir likt tenestetilbod ▪ Sterkare fokus på område som rus osv. ▪ Godt rusta for digital kommunikasjon ▪ Føreset utvikling av livskraftig kommunedelsenter 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Liten nærleik til tenesteansvarleg ▪ Stordrifts- og avstandsulemper ▪ Fare for meir byråkrati ▪ Mindre effektivitetspotensial enn forventa ▪ Kommunikasjoner mot kommunesenteret (Stavanger) for dårleg ▪ Auka avstand til administrasjon og folkevalde ▪ Øyane kan lett bli nedprioriterte ▪ Lite fokus på lokale mål for lokalsamfunna, jf. samfunnsdelen ▪ Fare for langsiktig endring av kultur og identitet

Myndigheitsutøving

Alternativ	Pluss (sterke sider/muligheter)	Minus (svake sider/truslar)
Alt. A	<ul style="list-style-type: none">▪ Få personar, god kjennskap til saksprosessane▪ Lokal kjennskap gir betre kvalitet▪ Kombinasjon med meir bruk av interkommunalt samarbeid	<ul style="list-style-type: none">▪ Kapasitetsproblem, mange oppgåver og lang saksbehandlingstid▪ Utilstrekkeleg kompetanse▪ Administrativ prioritering▪ Når det blir avstand mellom leiing/administrasjon og lokal kultur▪ Nærleik kan også vera ulempe – objektivitet▪ For lite fokus på service, eks. innbyggjarundersøkingar▪ Færre oppgåver gir meir sentralstyring▪ Problem med å oppfylla lovverket, jf. auka rapporteringskrav frå staten
Alt. B	<ul style="list-style-type: none">▪ Betre kvalitetssikra saksbehandling▪ Større sjanse for å styra etter vedtatte planar▪ Gevinst i å ha breiare kompetanse å spela på▪ Effektiviseringsgevinst, eks. i samband med høyringar▪ Meir vil bli adressert til rette instans▪ Mindre skjønn i saksbehandlinga, meir profesjonalitet	<ul style="list-style-type: none">▪ Framleis for liten kommune▪ Internt sprik mellom dei ulike delane i kommunen - ulike prioriteringar og mykje «sprikande staur»▪ Mangel på kjennskap til lokale forhold▪ Meir administrasjonsstyring, mindre politisk styring
Alt. C	<ul style="list-style-type: none">▪ Solid og brei kompetanse▪ Høve til meir spesialisering▪ Større avstand – større grad av objektivitet og profesjonalitet▪ Ein storkommune kan styrkja myndigheitsutøvinga på mindre fagområde, mellom anna landbruk	<ul style="list-style-type: none">▪ Fare for auka byråkrati og meir makt til administrasjonen▪ Avstand og mangel på lokal kunnskap▪ Avstand mellom saksbehandlarar og lokale aktørar/innbyggjarar

Samfunnsutvikling

Alternativ	Pluss (sterke sider/muligheter)	Minus (svake sider/truslar)
Alt. A	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kan setja lokal dagsorden sjølv ▪ Nærleik til samfunnsutfordringane ▪ Lettare å ha det lokale perspektivet ▪ Høve til å handla kjapt ▪ Lokalt engasjement 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Små kommunar har liten påverknad ▪ Kan fort bli sett på «utsida» - mest fokus på fastlands- Ryfylke ▪ Gjeldande struktur ikkje tilpassa framtidige utfordringar ▪ Fare for å bli overstyrt utanfrå (tvang på grunn av realitetane) ▪ Problem med å handtere til dømes miljøutfordringar – for lite heilskap
Alt. B	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Meir kapasitet. – meir utviklingsfokus ▪ Meir langsiktig planstyring ▪ Meir fokus på samfunnstryggleik og beredskap ▪ Betre rammevilkår for næringsutvikling. Meir areal å spela på vil gi meir samordna arealplanlegging – positivt for næringsutvikling - potensial for arbeidsplassvekst ▪ Utvikla felles kystidentitet ▪ Synergieffektar for frivillige lag og organisasjonar 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Tilgangen på ulike typar areal er svært ulikt innan kommunen ▪ Mindre fokus på dei minste delane av kommunen: dei mindre øyane ▪ Det som i dag er satsingsområde, kan tapa ▪ Stort internt sprik mellom ulike delar av kommunen ▪ Fare for flytting av næringar til eks. Rennesøy ▪ Mindre lokal næringsutvikling og arealfokus i Finnøy ▪ I kommunen samla sett blir Finnøy sett som «utkant» – feil retning ▪ Fare for svekking av båttilbodet
Alt. C	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Betre overordna planverk ▪ Meir planstyrt utvikling ▪ Meir samordna samferdselsplanlegging ▪ Auka påverknad på regional planlegging i felles bu- og arbeidsmarked 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Liten lokal påverknad ▪ Fare for at utkant blir overstyrt av sentrum ▪ Mindre fokus på viktige felles lokale møteplassar ▪ Mindre politisk engasjement i forhold til lokale Finnøy-utfordringar, eks. landbruk

Demokratisk arena

Alternativ	Pluss (sterke sider/muligheter)	Minus (svake sider/truslar)
Alt. A	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Lokale politikarar som kjenner lokale forhold ▪ Lokal representasjon i folkevalde organfrå alle delar av kommunen ▪ Kort veg mellom innbyggjarar og politikarar - og mellom administrasjon og innbyggjarar ▪ Lettare å rekruttera ungdom og engasjera lokalt engasjement ▪ Lettare å vitalisera diverse råd - og lokalt innbyggjarengasjement 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Er blitt vanskelegare å rekruttere folkevalde ▪ Skeiv geografisk representasjon ▪ Kan bli konflikt mellom lokalt og heilskapsperspektiv ▪ Enkeltpersonar kan få for stor «makt» ▪ For mykje delegasjon frå folkevalde til administrasjonen ▪ Færre oppgåver til mindre kommunar betyr meir statleg styring
Alt. B	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Meir kompetanse kan vera positivt også for politisk verksemd ▪ Sterkare politiske organisasjonar – meir slagkraft ▪ Fleire saker kan auka interessa for politikk ▪ Litt meir tid til politikk – blir meir profesjonelt ▪ Mindre behov for interkommunalt samarbeid – meir lokaldemokrati ▪ Kan gi fordelar for rekruttering av politisk interessert ungdom – større saksfelt 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Mål og overordna føringar vil sprika mykje mellom dei ulike delane ▪ Vanskeleg å oppnå brei konsensus, ulike lokale interesser ▪ Færre lokale folkevalde ▪ Fleire saker vil føra til endå meir delegasjon til administrasjonen ▪ Liten innflytelse for underutval – eks. kommunedelutval ▪ Fare for svekka lokalpolitisk interesse
Alt. C	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Meir politisk spisskompetanse ▪ Større profesjonalitet i politikken- kan gi meir motiverte folkevalde ▪ Kan skapa nye og alternative modellar for lokalt demokrati ▪ Auka fokus på mobilisering ved nominasjonar osb. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Svekka lokaldemokrati – blir endå vanskelegare å rekruttera «vanlege» folk som politikarar ▪ Finnøy vil få svak representasjon i «bystyret» ▪ Lenger reisetid for politikarane ▪ Avstand frå folk flest til dei folkevalde ▪ Fare for endå meir delegasjon frå politikk til administrasjon ▪ Mindre fokus på «folk i Finnøy» ▪ Ev. svekking av lokalavisene vil ha negativ verknad for folks politiske interesse

B. «Nabopratt» med Stavanger

Styringsgruppa har i samtale med Stavanger vore opptatt av å setja på dagsorden mellom anna slike konkrete lokale utfordringar og mål, jf. vedtatt samfunnsdel i kommuneplanen:

- Vidare utbygging av sjukeheimtilbodet på Judaberg
- Tilfredsstillande og desentralisert tilbod for heimebuande eldre, herunder på øyane
- Fortsatt desentralisert barnehage- og skuletilbod for dei yngste ungane
- Judaberg som kommunedelsenter («Nordre bydelsenter») med både offentlege funksjonar og andre sentrumsfunksjonar
- Utbygging av infrastruktur ut frå eit klart mål om å sikre utvikling i alle delar av kommunen (eks.: samferdsel, bustadbygging, breiband)
- Oppretthalde eit forsvarleg legeskysstilbod

I første møte (23.april) blei kommunane samde om å fortsetja samtalen og drøfta nærare relevante og konkrete problemstillingar. Mellom anna følgjande hovudpunkt kom fram i «nabopraten»:

- Det er viktig at kommunane held kvarandre godt informert om arbeidet i prosessen.
- I vidare samtalar vil det for Finnøy vere spesielt viktig å belysa og drøfta kommunen sine spesielle øy- og distriktsutfordringar. Finnøy vil i ein ev. ny kommune bli den ytterste delen av den nye kommunen.
- Utviklinga dei siste åra har gjort aksa Ryfylke-Stavanger stadig meir aktuell, jf. felles bu- og arbeidsmarked. Det blir stadig sterkare fokus på det regionale perspektivet.
- Viktig utgangspunkt: *Finnøy skal ev. ikkje bli ein del av Stavanger, men ein del av ein ny kommune.*
- Ved ev. ny kommune vil det for Finnøy vera viktig å få eit sterkt kommunedelsenter på Judaberg. Dette har minst like stor betydning for folk på øyane som for folk på Finnøy og Talgje.
- For Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy vil Randaberg sin konklusjon i kommunereform-prosessen bli avgjerande.
- Spesielt når det gjeld lokaldemokrati må det tenkjast nytt.

C. «Nabopratt» med Randaberg, Kvitsøy og Rennesøy

Finnøy har ved to høve invitert kommunane Randaberg, Kvitsøy og Rennesøy til samtalar med sikte på å greia ut alternativ B, mellomalternativet. Reaksjonen var i utgangspunktet avventande, men 27. april møttest dei fire kommunane til eit første felles møte. Følgjande hovudspørsmål stod på dagsorden: *Er det i dei fire kommunane vilje til å gå vidare med samtalar med sikte på reell vurdering av eit alternativ B, dvs. ein ny og mellomstor kommune langs aksa Randaberg, Kvitsøy, Rennesøy og Finnøy?*

Finnøys primære ønske er fortsatt å utgreia alle tre hovudalternativa. Men i møtet kom det fram at det i dei andre kommunane er liten vilje til å bruka tid og ressursar på fire-kommunemodellen på noverande tidspunkt. I tillegg slår dei tre minste kommunane slår fast at Randaberg sin konklusjon vil vera heilt avgjerande.

Konklusjonen på diskusjonen i møtet er oppsummert slik i referatet:

- Det tas sikte på å sammenfatte hovedsynspunktene fra arbeidet i de involverte kommunene (SWOT-analyser, utredninger i regi av Jærrådet, tilleggsutredninger i samarbeid mellom Stavanger, Rennesøy og Finnøy og relevant stoff frå kystkommunerapporten). Sammenfatningen vil danne grunnlag for vurdering av ev. behov for/ønske om å utrede fire-kommunealternativet nærmere.
-
- Ressursbruk til ev. videre arbeid med å vurdere/utrede nevnte alternativ, utover allerede tilgjengelige rammer, må avklares i hver av kommunene.
- De fire kommunene kommer sammen igjen så snart ovennevnte sammenfatning (jf. pkt 1) foreligger, senest over sommeren 2015.

2.5 Regionalt utgreiingsarbeid – status pr. 1.juni 2015

Kommunane i Jærrådet har i månadsskiftet mai/juni presentert ein omfattande utgreiingsrapport om status og utfordringar på områda *tenesteyting og myndigheitsutøving, samfunnsutvikling og demokratisk arena*. Rapporten blir behandla i felles formannskapsmøte for dei åtte kommunane 10.juni og vil deretter bli oversendt for formell behandling i alle åtte kommunestyra i løpet av august/september 2015.

Den lokale styringsgruppa har ikkje hatt høve til å studera materialet grundig, men er orientert om hovudinnhaldet og arbeidsgruppa sine konklusjonar og tilrådingar. Gruppa meiner at dette er eit svært viktig materiale for Finnøy, og vil derfor etter sommarferien studera og drøfta innhaldet grundig.

Jærrådets utgreiingsrapportar opererer med desse fire kommunealternativa i regionen:

- Alternativ 0: status quo
- Alternativ «liten»: 4-7 kommunar i regionen
- Alternativ «middels»: 2-3 kommunar i regionen
- Alternativ «stor»: 1-2 kommunar i regionen

Samandrag av Jærrådet si utgreiing er vedlagd denne rapporten. Styringsgruppa refererer under nokre få interessante «klipp» frå den regionale rapporten:

a. Tenesteutvikling

«Alternativet Liten er vurdert å ha moderat effekt mht å forbedre kapasitet og kompetanse samt økonomisk soliditet i en ny kommune. Dette alternative synes ikke å ha nevneverdig effekt for kommunens evne til valgfrihet og likeverd i tjenesteproduksjon, men det vurderes å forsterke mulighetene til få til en ytterligere effektiv tjenesteproduksjon.

Alternativet Middels vurderes i betydelig grad å kunne styrke kapasitet og kompetanse i en ny kommune. Virkningene for effektiv tjenesteproduksjon og økonomisk soliditet er vurdert å være moderate. I dette alternativet vurderes valgfrihet og likeverdighet (geografisk spredning av tjenestetilbudet) å svekkes i forhold til 0-alternativet.

Alternativet Stor har flere sammenfallende virkninger som Middelsalternativet, men det vurderes å ikke ha nevneverdig virkning for effektivitet i tjenesteproduksjonen. Stor kommune utløser behov for tiltak som f.eks. bydelsorganisering og slike tiltak betyr økte utgifter og introduserer et nytt organisatorisk ledd. Valgfrihet, herunder også betydningen av opplevd valgfrihet for bruker/innbyggere er vurdert å svekkes ift 0-alternativet. Likeverdighet i betydningen geografisk spredning av tjenestetilbudene vurderes tilsvarende å svekkes i alternativet Stor ny kommune.»

b. Myndighetsutøving

«Alternativet Liten er vurdert å ha positiv effekt for kapasitet og kompetanse, og det vurderes å forsterke mulighetene til få til en ytterligere effektivitet i myndighetsutøvende oppgaver. For økonomisk soliditet er virkningene vurdert å være marginale i dette alternativet. Det tilsvarende gjelder også distanse til beslutning og beslutningstakere. I vurderingen er distanse vurdert i forhold betydningen som god lokalkunnskap har for å utøve skjønn når myndighet skal utøves på en måte som trygger rettsikkerheten for innbygger/bruker. Distanse i betydningen inhabilitet for saksbehandler, folkevalgte er behandlet i kap. 3 Lokaldemokrati.

Alternativet Middels vurderes å kunne styrke kapasitet og kompetanse i en ny kommune. Videre vurderes det å ha moderat effekt på økonomisk soliditet og effektivitet i de myndighetsutøvende oppgavene. Kriteriet som vurderes å svekkes i forhold nåsituasjonen er distanse, dvs. svekket lokalkunnskap i skjønnsutøvelsen som gjøres i utøvelsen av myndighet. For å bygge opp om fortsatt trygghet for tilfredsstillende rettsikkerhet i myndighetsutøvelsen kan bydelsnivå være en avbøtende løsning.

Vurderingene av alternativet Stor viser sammenfallende virkninger med Middelsalternativet. Det er ikke funnet forhold som i Stor alternativet vesentlig forbedrer eller svekker effektene som fremkommer i vurderingene av alternativet Middels. Stor kommune utløser et forsterket behov for tiltak som f.eks. bydelsorganisering for å ivareta rettsikkerhet i myndighetsutøvelsen.»

c. Samfunnsutvikling

«Overordnet forsamfunnspektivet vurderes at kommunene vil ha større måloppnåelse jo større strukturer som etableres. Det er også vurdert at effektene først kan oppnås i fullt mon når det tettest integrerte storbyområdet (Stavanger, Sandnes, Sola) samles innenforen struktur.

De største utfordringene knyttet til dette området vurderes å ligge i forhold til stedsutviklingspektivet. Det må gjøres tiltak for å unngå at dagens sentrumsstruktur ikke blir utarmet som en konsekvens av kommunesammenslåing.»

d. Demokratisk arena

«Arbeidsgruppen konkluderer derfor med relativt moderate konsekvenser for lokaldemokratiet av de mulige sammenslåingsalternativene som finnes innenformodell 1. Styrken i de lokaldemokratiske konsekvensene, både positive og negative, øker i styrke med de kommuneinndelinger som er tenkelige innenfor modell 2.

Konklusjonen er derfor at nærdemokratiet svekkes noe, men kommunenes slagkraft og handlefrihet styrkes fordi de kan bestemme mer. I modell 3 vil styrken i de lokaldemokratiske konsekvensene ha økt ytterligere. Kommunenes lokaldemokratiske slagkraft og handlefrihet øker ytterligere i modell 3, men det blir også mer utfordrende å ivareta nærdemokratiet på en dekkende måte. En stor regionkommune

bestående av alle kommunene i området, vil bli en betydeligmaktfaktor med over 300 000 innbyggere, men kan også bli utfordrende å styre.»

2.6 Innbyggjarinformasjon og -medverknad

Det er poengtert frå nasjonalt hald at innbyggjarane skal involverast i kommunereformprosessen for å sikra at dei endelege avgjerdene er solid forankra. Uansett konklusjon vil avgjerda berøra lokal-samfunn og folk flest på mange vis. Innbyggjarane skal derfor få god og nyttig informasjon og ha høve til å seia si meining og bli høyrd.

Styringsgruppa har så langt ikkje drøfta i detalj spørsmål om korleis og når innbyggjarane i Finnøy skal trekkjast med i prosessen. Gruppa ser fleire tiltak som aktuelle:

- Skriftleg informasjon, mellom anna på kommune si heimeside og via Øyposten
- Opne folkemøte på øyane
- Innbyggjarundersøking i regi av profesjonelt firma
- Folkeavstemming

Det nyvalde kommunestyret, og den styringsgruppa som skal vidareføra den lokale prosessen, vil få hovudansvaret for å leggja til rette og gjennomføra eit godt og forsvarleg opplegg for innbyggjarinformasjon og brei folkeleg medverknad. Etter styringsgruppa si vurdering er det likevel behov for å leggja nokre hovudføringar for denne delen av prosessen alt i denne fasen, slik at vi ikkje kjem «bakpå» når ein travel politisk haust kjem hausten 2015, jf. forslag under pkt. 1.

2.7 Framdrift hausten 2015 og våren 2016

Det nyvalde kommunestyret må etter konstitueringa i oktober 2015 leggja ein konkret tidsplan for siste fase av kommuneplanprosessen. Men styringsgruppa ser det som sterkt ønskeleg at kommunestyret i møtet 17.juni legg på plass nokre hovudføringar for det vidare arbeidet fram mot endeleg avklaring gjennom politisk sak i kommunestyret før sommaren 2016, jf. forslag under pkt. 1..

Styringsgruppa tilrår at sluttpunktet for den lokale kommuneplanprosessen skal vera *kommunestyrebehandling med vedtak i juni 2016*. Det blir i tillegg lagt opp til ei førebels drøfting i kommunestyret i møte i mars eller april 2016. I tillegg til behandling i formannskap og kommunestyre bør saka leggjast fram for drøfting i ungdomsrådet, funksjonshemmarådet og eldrerådet i kommunen. Organisasjonane si rolle i prosessen hausten 2015 og våren 2016 blir avklara gjennom samtale med dei hovudtillitsvalde.

Noverande styringsgruppe vil halda fram arbeidet sitt fram til konstituering av nytt kommunestyre i oktober 2015. Gruppa prioriterer fram til då vidare diskusjonar med bakgrunn i Jærrådet sin utgreiingsrapportar og ev. tilleggsnotat som spesielt gjeld Rennesøy og Finnøy. I tillegg vidarefører gruppa dei politiske samtalanane med Stavanger kommune – ev. også ein oppklarande samtale med Randaberg, Kvitsøy og Rennesøy, jf. pkt. 2.4 C.